

Fylkesmannen Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2296 - 20/54885

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:
03.09.2020

Oversender vedtak til endeleg klagebehandling ved setjefylkesmann - gbnr 195/88 Leiknes

Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 195/88
Tiltakshavar: Ronald Clark Baird
Klagar: Fylkesmannen i Vestland
Utsett iverksetting: Ja

Saka gjeld klage på vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø, sak 058/20, om oppføring av flytebrygge med dispensasjon.

Det vart gjeve avslag på søknad om oppføring av flytebrygge i delegert vedtak datert 18.12.2019, sak 19/1937, i tidlegare Lindås kommune. Vedtaket vart klaga på av advokat på vegne av tiltakshavar i brev datert 06.01.2020. Det vart gjeve løyve til oppføring av flytebrygge med dispensasjon i vedtak datert 29.04.2020, sak 058/20.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev motteke 26.05.2020. I brev datert 30.06.2020 er det gjort avgjerd om å gje utsett iverksetting av tiltaket.

Det ligg føre kommentarar til klagen frå advokat på vegne av tiltakshavar i brev mottatt 17.07.2020.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 02.09.2020, der Alver kommune sitt vedtak datert 29.04.2020 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak i møte 02.09.2020:

«APM- 113/20 Vedtak:

APM utvalet tek ikkje klagen til følge. APM utvalet viset til forrige vedtak fra 29.april 2020 og opprettheldt dette vedtaket. Utvalet kan ikkje sjå at dette tiltaket vil gi negative konsekvenser for ålmen ferdsel i strandsona. Etter ei samla vurdering ser APM utvalget at fordelane er klart større enn ulempene.»

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland ved setjefylkesmann for endeleg avgjerd.
Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar Madeleine Fønnes Aase på e-post
madeleine.fønnes.aase@alver.kommune.no eller på telefon 56349056.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Madeleine Fønnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på dispensasjon for etablering av flytebyggje - gbnr 195/88 Leiknes
Merknad til klage - gbnr 195/88 Leiknes
Klage - flytebrygge - gbnr 195/88 Leiknes
AcosSvarInn.xml
Klage på avslag - flytebyggje - gbnr 195/88 Leiknes
Presentasjon av eigeedom til APM 29.04.2020 - gbnr 195/88 Leiknes
Gbnr 19588 Leiknes - presentasjon til APM 29.04.2020
Skriv frå Bergen og Omland havnevesen og Statens vegvesen
Foto og teikning
Kart
Søknad om dispensasjon
Søknad om dispensasjon - GBNR 195/88 Leiknes
Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - GBNR 195/88 Leiknes
Uttale - GBNR 195/88 - Leiknes - flytebrygge
Avslag på søknad om dispensasjon for etablering av flytebrygge - GBNR 195/88 Leiknes
Klage over avslag for etablering av flytebrygge - gbnr 195/88 Leiknes
Svar nabovarsel - GBNR 195/88 Leiknes

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER